

Rose 'American Pillar'

Skrevet av Gunn-Torill

lørdag 29. september 2007 14:03 - Sist oppdatert onsdag 01. april 2009 00:21

Den amerikanske damen i Baaste - 'American Pillar'



Rose 'American Pillar'

Skrevet av Gunn-Torill

lørdag 29. september 2007 14:03 - Sist oppdatert onsdag 01. april 2009 00:21

Eg hadde lese om American Pillar i eit gammalt hageblad. I følge bladet var det ei slyngrose med stort potensiale, dvs. ho kan bli 4-5 m høg dersom ho er oppbunden. Rosa er mørk karminrosa med kvit basis. Fleire gamle og store eksemplar skal finnast rundt Oslofjorden, stod det. Sidan eg bur ved Oslofjorden, fann eg ut at det var verdt å prøve. Bestilte på postordre og rosa kom som barrotsrose på vårparten.

Eg hadde bestemt at ho skulle få slynge seg til eit gammalt plommetre. Men først måtte det lagast bed rundt treet. Området var okkupert av ein skrantande Mahonia og diverse gras og rotugras. Det var ein kjempejobb å få grava opp alle Mahonia- og ugrasrøttene, men eg var heldig og fekk hjelp av to sterke mannfolk til å grave i blåleira. I iveren etter å få vekk røttene forstyrta vi visst plommetreet litt for mykje, for det avgjekk ved døden. Det er ikkje alltid like lett å sjå forskjell på trerøtter og ugrasrøtter. Men treet vart eit vakkert klatrestativ for den amerikanske damen. I bedet la eg la ugrasduk, grus og spanderte kjøpejord på toppen for å prøve å bli kvitt rotugraset for godt. Ved plommetreet skar eg hòl i duken og planta American Pillar. Så sådde eg og planta sommarblomster.

Sommaren og vinteren gjekk og våren kom utan at rosa såg ut til å til å vekse noko. Eg slutta at rosa var død. Eg bestilte på nytt og fekk nok ei American Pillar i posten. Hadde liksom ikkje lyst til å gi opp, heller. Det var tid for å fjerne ugrasduken og grusen og plante stauder, sommarblomster og endå fleire roser i bedet. Eg planta grupper av Eglantyne, Graham Thomas, Bonica, Amber Queen og dessutan American Pillar. Men då eg skulle grave opp den antatt døde rosa viste det seg at ho ikkje var heilt død likevel, så ho fekk aller nådigast stå. Eg planta den andre rett ved sida av. Ho fekk følge av Clematis Etoile Violet, ein nydeleg lilla clematis.

Rose 'American Pillar'

Skrevet av Gunn-Torill

lørdag 29. september 2007 14:03 - Sist oppdatert onsdag 01. april 2009 00:21



[Traden](#)